

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis lagar du ei interessevekkande innleiing?

Svar

Du kan for eksempel starte med eit interessant sitat eller ein provoserande påstand.



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er ei temasetning?

Svar

Temasetninga er den første setninga i eit avsnitt. Denne skal signalisere kva avsnittet handlar om.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er ei kommentarsetning?

Svar

Ei kommentarsetning utfyller temasetninga. Det bør vere fleire kommentarsetningar i kvart avsnitt.



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er ei avsluttande setning?

Svar

Den avsluttande setninga oppsummerer eller rundar av temaet i avsnittet.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue, sans-serif font. The text is oriented at approximately a 45-degree angle from the bottom-left to the top-right. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis kan du variere ordvalet i setningane dine?

Svar

Du bør bruke synonym, altså ord som tyder nesten det same (å seie, hevde, meine osv.). Du kan òg variere mellom å bruke eit namn (Ibsen), pronomenet (han) og ei beskriving av personen (den verdkjente forfattaren).



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er ein tekstbindar? Gi minst tre eksempel.

Svar

Tekstbindarar er ord som på ymse vis bind teksten saman:

- dessutan, i tillegg til (viser samanheng)
- anten, eller (viser alternativ)
- men, likevel, mens, trass i (viser motsetning)
- som, også/òg (viser likskap)
- dermed, fordi (viser årsakssamanheng)

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor bør du variere setningslengda?

Svar

Dersom du bruker for mange korte setningar etter kvarandre, blir teksten oppstykket. Dersom du bruker for mange lange setningar, blir teksten vanskelegare å forstå. God variasjon skaper god flyt.



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor bør du skrive aktive setningar?

Svar

Passivformer skaper eit upersonleg språk og skjuler kven som er den handlande i setninga. Det kan passe i enkelte tilfelle, men det bør ikkje prege teksten din.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er substantivsjuke?

Svar

Substantivsjuke er tendensen til å erstatte verb eller adjektiv med substantiv, for eksempel undersøke betydinga av (i staden for *undersøke kva noko betyr*), *gjere ei undersøking* (i staden for *undersøke*), *utføre registrering* av medlemmene (i staden for *registrere medlemmene*).



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis kan du jobbe for å forbetre rettskrivinga?

Svar

Bruk retteprogrammet aktivt (leit etter raude strekar), bruk søk-og-erstatt-funksjonen (søk etter ord du lett får feil), les teksten baklengs, forstørr skrifta så du ser færre ord samtidig.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor skal det vere å i denne setninga?: «Han prøver alltid å hjelpe til.»

Svar

Det skal alltid vere å etter verb som *prøve*, *begynne*, *slutte*, *ønske*.



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva betyr samskriving og særskriving?

Svar

Samskriving betyr å skrive samansette ord i eitt ord. Slik skrivemåte er korrekt i norsk.

Særskriving er det motsette, altså at ein skriv eit samansett ord i to ord (*fotball kamp*).

Særskriving er vanleg i engelsk.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor er det viktig å kjenne til avsendaren av ein tekst?

Svar

Dersom du veit kven avsendaren er, og kva hen står for, er det enklare å vurdere om det hen skriv, er korrekt og relevant, eller om det er farga av eit politisk syn, spesielle verdiar eller liknande.



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor bør du leite etter fleire kjelder som bekreftar det same?

Svar

På internett kan ein komme over svært mange useriøse nettstader. Dersom det som står der, er korrekt, bør det vere mogleg å finne det same på fleire uavhengige nettstader (f.eks. leksikon, nettsidene til faginstansar, fagnettstader).

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er formålet med ei kjeldeliste, og kva er det viktigaste du skal hugse på?

Svar

Kjeldelista gir leseren moglegheit til å vurdere om du gir att originalteksten korrekt. Ei kjeldeliste viser i tillegg at du har eit bevisst forhold til kvar du hentar stoff til eigne tekstar frå.



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Korleis kan du føre kjelder i sjølve teksten?

Svar

Når du viser til kjelder i teksten, skal du skrive forfattaren sitt namn i parentes saman med årstalet på den utgivinga du viser til, og eventuelt sidetal (Fridtun 2013, s. 37).

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.

Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kva er dei tre trinna i arbeidet med å lage problemstilling?

Svar

1. Finn overordna tema
2. Avgrens temaet / spiss det / konkretiser det
3. Formuler eit spørsmål.



Dialogkort vg3

Kapittel 1 Skrivetips

Spørsmål

Kvifor bør du formulere ei problemstilling når du skriv ein fagartikkel?

Svar

Problemstillinga fortel leseren kva fagartikkelen skal handle om. Sjølv om du har fått ei oppgåve å skrive ut frå, kan du som regel ta nokre eigne val. Dette viser du når du formulerer problemstillinga.

The image consists of a dense, diagonal pattern of the word "intertekst" in a light blue font. The text is rotated approximately 45 degrees clockwise. The words are arranged in a staggered, non-overlapping manner, creating a sense of depth and movement across the white background.